

## Saksprotokoll i Kommunestyret - 28.11.2019

### Vedtak

1. Kommunestyret vedtek budsjett og økonomiplan for åra 2020-2023 med desse endringane:

#### BUDSJETT 2020 Stord

	2 020	2021	2022	2023
<b>Inntekter/reducerte utgifter</b>				
Skatt	1 600 000	0	0	0
Vaksenopplæring	300 000	300 000	300 000	300 000
Kultureiningane	240 000	240 000	240 000	240 000
Reduserte kapitalugifter	0	524 100	-50 000	0
HOG	50 000	50 000	50 000	50 000
Skuleadmsystem	325 000	0	0	0
Redusert private barnehagar	3 200 000	3 200 000	3 200 000	3 200 000
Fordelingspotten til lag og organisasjonar	200 000			
Hamn eigaruttak	300 000			
Kurs/vidareutdanning	400 000			
Effektivisering		35 000 000	35 000 000	35 000 000
<b>SUM</b>	<b>6 615 000</b>	<b>39 314 100</b>	<b>38 740 000</b>	<b>38 790 000</b>
<b>Endring budsjettbalanse</b>	<b>31 000</b>	<b>23 601 100</b>	<b>20 727 000</b>	<b>18 277 000</b>

<b>Auka utgifter/reducerte inntekter</b>				
Måndag og onsdagsklubben	240 000	240 000	240 000	240 000
5 sjukeheimplassar frå 1. okt.	1 500 000	6 000 000	6 000 000	6 000 000
Redusert dagtilbod rus	1 000 000	1 500 000	1 500 000	1 500 000
Kommuneplan	300 000			
Klimapartnere	50 000	50 000	50 000	50 000
Eigedomsskatt	550 000	5 550 000	8 050 000	10 550 000
Vikarpool skule	200 000	200 000		
Ekstern konsulent	1 000 000			
Kirkens Bymisjon	429 000	858 000	858 000	858 000
Avgiftsparkering	750 000	750 000	750 000	750 000
Maritimt museum	200 000	200 000	200 000	200 000

Fritidsklubbar	365 000	365 000	365 000	365 000
	<b>6 584 000</b>	<b>15 713 000</b>	<b>18 013 000</b>	<b>20 513 000</b>

Investering	2020	2021	2022	2023
<b>Reduksjon/Auk</b>				
Kulturhus	3 300 000			
Rehabilitering uteareal barneh/skule	1 000 000			
Brann enøk innemiljø	3 500 000			
Avgiftsparkering	500 000			
Uteareal SFO Langeland	1 500 000			
Personalbasar Studalen/Saghaugen	1 000 000	-1 000 000		
Digitale hjelpemiddel (laptopar)	1 500 000			
Breibandsutbygging	-1 818 000			
<b>Sum</b>	<b>10 482 000</b>	<b>-1 000 000</b>		
<b>Konsekvens drift</b>	<b>524 100</b>	<b>-50 000</b>		

2. Skatteøre vert sett lik maksimal sats i samsvar med Stortinget sitt vedtak om kommunalt skatteøre.
3. a) I medhald av eigedomsskattelova §§ 2 og 3 bokstav a) skal følgjande utskrivingsalternativ for eigedomsskatt nyttast for skatteåret 2020: *Eigedomsskatt på faste eigedomar i heile kommunen.*

Kommunar som til og med år 2018 skreiv ut skatt på kategorien verk og bruk, kan frå 2019 til og med 2024 vedta å skriva ut skatt på eit særskild fastsett grunnlag.

Grunnlaget er differansen mellom ny takst for objekta frå 2019 og skattegrunnlaget i 2018:

Det vert skrive ut skatt på det særskilde skattegrunnlaget redusert med to sjuandedeler i 2020 (overgangsregel til §§ 3 og 4 første ledd første pkt.).

b) Endring: Skattesatsen vert sett til 3,5 promille av omsetnadsverdien for bustader og fritidseigedomar.

Skattesatsen vert sett til 6 ‰ av næringseigedom og ubygd grunneigedom (tomter). Skattesatsen på det særskilde skattegrunnlaget vert sett til 4 ‰.

c) I medhald av eigedomsskattelova § 7 bokstav a) opnar kommunestyret for fritak av eigedomar som er eigde av stiftingar eller institusjonar som tek sikte på å gagna ein kommune, eit fylke eller staten. Eigedomar som kvalifiserer for fritak etter bestemmelsen og som er eigde av idrettslag, ungdomslag, bedehuslag og liknande skal ha fritak for eigedomsskatt i Stord kommune. Sakkunnig nemnd legg fram oversyn over kva eigedomar dette kan gjelda. I tillegg kan eigedom tilhøyrande andre stiftingar/organisasjonar bli vurdert fritekne av kommunestyre på grunnlag av

søknad.

Dei eigedomar som tidlegare år er gitt fritak for eigedomsskatt av kommunestyret i medhald av eigedomsskattelova § 7, jf. vedlegg til budsjettokumentet, skal ha fritak for eigedomsskatt også i 2020.

d) Eigedomsskatten skal betalast i tolv terminar.

e) Ved taksering og utskriving av eigedomsskatt nyttar kommunen tidlegare vedtekne skattevedtekter.

f) Botnfrådrag vert for 2020 sett til kr 400 000 for bustader og fritidseigedomar.

4. Kommunestyret vedtek å ta opp inntil 452 808 000 kr i lån i 2020 som serielån. Låneoptaket er fordelt slik:

Startlån til vidare utlån	kr 60 000 000
Lån til investering i vatn og avlaup	kr 186 123 000
Andre lån	kr 179 269 000
Lån til Stord hamnstell	kr 27 416 000

Lånegjelda skal nedbetalast med minimumsavdrag.

Kommunestyret vedtek at låneporteføljen til Stord kommune, og alle lån i porteføljen (sjå vedlegg) kan refinansierast i inneverande år og i budsjettåret. Rådmannen står fritt til å betale budsjetterte avdrag på dei lån han finn føremålstenleg, uavhengig av opphavleg vedtak.

5. Kommunestyret vedtek satsar for gebyr og avgifter med verknad frå 1. januar 2019 slik det går fram av eige vedlegg for:

- Kommunale eigedomsgebyr
- Gebyrregulativ for regulering, byggesak og oppmåling
- Betalingssatsar for brann og redning
- Gebyr for sakshandsaming, administrasjon, forfall og kontroll og gravearbeid

Formannskapet fastset betalingssatsar for landbruks- og havbrukssaker

Utval for oppvekst og kultur fastset fylgjande betalingssatsar:

- Betalingssatsar for Stord kulturskule
- Betalingssatsar for plass i skulefritidsordninga
- Betalingssatsar for plass i kommunale barnehagar
- Leigesatsar for utleige av skulebygg i helger/ overnatting
- Utleigesatsar for Stord kulturhus

Utval for rehabilitering, helse og omsorg fastset betalingssatsar for omsorgstenester.

Utval for plan og utvikling fastset betalingssatsar for kommunale parkeringsplassar og for leige av torgplass.

6. Som eit ledd i å få meir automatiserte tenester vedtek kommunestyret at det skal betalast fakturagebyr på papirfaktura. Gebyret vert sett til kr 65. Foreldrebetaling barnehage, sjølvkostområda, dagopphald og korttidsopphald institusjon, elektronisk faktura er unntatt frå gebyr.
7. Kommunestyret ber rådmannen gjennomføra ei evaluering av SFO-ordninga i Stord kommune.  
Kommunestyret bed om at innføring av søskenmoderasjon vert ein del av

vurderinga, samt samarbeid med ideelle organisasjonar og private aktørar.

8. Rådmannen får i oppdrag å utarbeida ein forstudie for ei mogeleg ombygging og opprusting av kulturhuset innanfor ei kostnadsramme på kr 200 000. Utval for oppvekst og kultur skal godkjenna mandatet for forstudien.
9. Kommunestyret ber rådmannen vurdere å utføra klima- og miljøarbeidet i eigen regi i samband med forhandling om ny avtale med Fitjar og Austevoll om landbruks- og miljøkontoret.
10. Kommunestyret fastset slike tilskotssettsar for 2020 til private barnehagar i Stord kommune:

Ordinære barnehagar:

Små born/full plass	208 829 kr
Store born/full plass	99 183 kr

Satsar for familiebarnehagar og refusjon kapitalkostnader skal vera tilsvarende retningsgjevande satsar frå departementet.

11. Rådmannen får fullmakt til å gjennomføra løyvingane på investeringsbudsjettet der ikkje anna er sagt i budsjettkommentarane. Fullmakta omfattar løyvinga til samarbeidsprosjekt for Stord kommunalteknikk.
12. Stord kommune vil i 2020 busetta 15 flyktningar medrekna familiesameiningar.
13. Stord kommune gjev Stord kyrkjelege fellesråd eit driftstilskot for 2020 på kr 8 498 186. Kr 90 000 av tilskotet er øyremerka tilskotsordninga til kremering. Kommunestyret legg til grunn at fellesrådet fastset ein tilskotssum for etterletne som vel kremasjon og forvaltar ordninga med kremasjonsstønad innanfor den fastsette ramma.
14. Det vert for 2020 fordelt driftstilskot/-støtte til kultur- og idrettsorganisasjonar m.m. slik:

Sunnhordland museum	100 000
Friluftsrådet vest	433 390
Stord sogelag	10 000
Sunnhordland kammerorkester	25 000
Venskap Stord – Comalapa	20 000
17. mai Leirvik, Sagvåg og Huglo	76 000
Falturiltu barnebokfestival	100 000
Arrangementet 100 dagar (underskotsgaranti)	25 000
Huglo bygdalag	50 000

Administrativ ressurs til idrettslaga, til saman kr 350 000, vert trekt inn.

Utval for oppvekst og kultur får i tillegg fullmakt til å fordela desse løyvingane:

1) kr 250 000 i driftstilskot til lag og organisasjonar, etter søknad og i samsvar med kommunestyret sine retningslinjer.

2) kr 400 000 til lag organisasjonar (integrering), Stord maritime museum og til oppfølging av museumsplan. Denne løyvinga skal fordelast i samband med handsaming av detaljbudsjettet for Utval for oppvekst og kultur.

15. Stord kommune løyver følgjande tilskot over 2020-budsjettet i til samarbeidstiltak og næringsføremål:

Klimapartnerar	50 000
Maritime Clean Tech	50 000
Haukelivegen	32 000
Samarbeidsrådet for Sunnhordland	706 000
Samarbeidsrådet, reiselivssatsing	227 000
Stord næringsråd, kontigent	30 000q
Atheno AS, maritim industriinkubator	150 000
Atheno AS, Ungt entrepenørskap	65 000
Atheno AS, førstelineteneste næring	200 000

Utval for oppvekst og kultur. får fullmakt til å disponera løyving på kr 100 000 til næringsføremål.

16. Kommunestyret vedtek å avvikla døgntilbodet i Åkervikåsen frå og med april 2020.
17. Kommunestyret legg til grunn at Stord kommunale eigedom AS betalar ut eit ekstraordinært utbyte på kr 2 mill. ved avslutning av rekneskapen for 2019.
18. Kommunestyret ber rådmannen gå i forhandlingar med Helse Fonna om framtidig utdeling av LAR-medisin, og leggja fram sak til kommunestyret om eit redusert lågterskel dagtilbod for gruppa som i dag soknar til MARIS.
19. Kommunestyret ber rådmannen leggja fram sak om reduksjon av om lag 50 kommunale barnehageplassar, der ein blant anna vurderer økonomi, geografi og søknadstal siste åra. I saka skal det også leggjast fram ein økonomisk analyse av framskunda bygging av ny barnehage i Sagvåg/Litlabø-området.
20. Produksjonskjøken på sjukeheimen: Kommunestyret bed rådmannen søkja om tilskot til etablering av produksjonskjøken på den nye sjukeheimen
21. Omdømmeprojekt: Kommunestyret bed rådmannen ta initiativ til eit nytt skjønnsmiddelprosjekt i lag med Fitjar og Bømlo kommunar der målet skal vera å styrka omdømmet og attraktiviteten til kommunane og regionen.
22. Kulturskulen: Kommunestyret bed rådmannen om ei sak til Utval for oppvekst og kultur om tettare samarbeid mellom kulturskulen og skulane
23. Klima og miljø: Kommunestyret bed rådmannen leggja fram ei sak om etablering av eit klimabudsjett og -rekneskap
24. Kommuneplanlegging: Kommunestyret bed rådmannen tilsetja ny kommuneplanleggjar så snart som råd og om å prioritera planressursane til den vedtekne rulleringa av den overordna kommuneplanen. Kommunestyret forventar at ny samfunnsdel vert vedteken i løpet av 2020
25. Forsøk auka grunnbemanning: Kommunestyret bed rådmannen om å søka om midlar til å gjennomføra eit avgrensa forsøk på å styrka grunnbemanninga for å redusera sjukefråvær og vikarbruk. Forsøket kan t.d. gjennomførast på ei avdeling på sjukeheimen
26. Nytt kollektivknutepunkt: Kommunestyret bed rådmann etablere eit samarbeidsprosjekt med Vestland fylkeskommune og evt. private aktørar om realisering av nytt kollektivknutepunkt på vedteken stad i Vikabrekko
27. Kulturplan: Kommunestyret ber rådmannen innarbeida kulturplan i planstrategien

28. Statlig finansiert omsorg: Kommunestyret ber rådmannen søke deltaking i forsøk med statleg finansiert omsorg.
29. Kommuneplan: Kommunestyret ber rådmannen innarbeida ein stategi for korleis Stord kommune kan nytta overskotsmassar frå større infrastruktur-prosjekt i kommuneplanen
30. Leva heile livet reforma: - Kommunestyret ber rådmannen om å legge fram ei sak der ein vurderer korleis kommunen tilfredstiller krava i å implementere «leva heile livet» reforma.
31. Kultur: Kommunestyret ber rådmannen fremja sak om samanslåing av kultureiningane. Saka må beskriva korleis den organisatoriske endringa frigjer administrative og andre ressursar til å auka utadretta kulturarbeid
32. Budsjettoppfølging: Kommunestyret ber rådmannen orientera kommunestyret kvart møte om eventuelle større avvik i høve budsjett, og koma med framlegg om korleis budsjettavvik kan lukkast. Kommunestyret forventar streng budsjett disiplin
33. Huglasambandet: Kommunestyret ber om at det vert utarbeida eit kostnadsestimat for bru-delen av Huglasambandet, og vurdere vidare framdrift når dette er klart.
34. Skule: Kommunestyret forventar å få skulebruksplanen klar for handsaming seinast til april-møtet
35. Ekstern gjennomgang av kommunen si drift: Kommunestyret vil tinga ein ekstern gjennomgang av kommunen si drift. Målsettinga med arbeidet er å i driftsbudsjettet for 2021 redusera kommunen sitt driftsnivå med i storleik 35 mill. kr. Kommunestyret legg til grunn at arbeidet kan utførast innanfor ei kostnadsramme på kr 1 000 000. Kommunestyret ønskjer å starta arbeidet snarast og ber om at rådmannen legg fram for Driftsutvalet sitt desember-møte eit forslag til mandat for arbeidet.
36. Eigedomsskatt: Kommunestyret har ambisjon om å føra eigedomsskatten tilbake til 2018-nivå gjennom å redusera den med 10 million i løpet av økonomiplanperioden
37. Inntektssystemet: Kommunestyret er positive til eit breitt politisk initiativ overfor Storting / regjering på inntektssystemet og utslag dette får for kommunar som Stord. Det er ei felles forståing lokalt at kompakte kommunar får utilsikta og uheldige virkningar på effektive «småkommuner»/regionsentre litt utanfor store bykommunar. Rådmann/ ordførar blir oppfordra til å invitere seg sjølv m/ fleire inn til møte med Hordalandsbenken/ Stortinget.
38. Helsehus: Stord kommune ønskjer å medverka til å realisera Stord Helsepark og vil flytta helsestasjonen i Myro inn i nye lokale i Borggata når desse er klare. Kommunestyret legg til grunn at leigeavtale kan finansierast med sparte leigekostnader som følgje av Hamna kontaktsenter og Maris får nye lokale i høvesvis Vidstentunet og Myro. Formannskapet skal i førstekomande møte gå gjennom kva fullmakter rådmannen skal få til å inngå leigeavtale og til å gjera naudsynte budsjettendringar. Kommunestyret legg og til grunn at rådmannen arbeider for å finna nye lokale for Utekontakten.

### **Handsaming**

Vedteke med 30 mot 5 røyster (SV, MDG, V og Raudt) Mindretalet røysta for eigne budsjett.

\* \* \*

Det vart først røysta over dei ulike budsjettframlegga.

Jakob Bjelland (Sp) på vegne av Ap, Sp, KrF, H og FrP kom med framlegg til endringar slik det ligg føre.

Endra nr 1, ta bort nr 8 og 11, endra nr 10 og 15, tabell, frå HOG til Klimapartnerar og tilleggspunkt frå nr. 20 til 38.

\* \* \*

### **Tore Roth Blokhus (Raudt) kom med følgjande framlegg:**

Eit tydeleg nei til kutt for sårbare grupper

Ei av de viktigaste oppgåvene til ein kommune er å sikra gode velferdstenester til innbyggerane sine. Nokre treng eit større tilfang på tenester enn andre. Raudt meiner det er viktig å slå ring om viktige velferdstenester, særlig for sårbare grupper.

I budsjettforslaget til rådmannen vert det foreslått betydelege kutt i viktige områder. Dette kan ikkje Raudt godta, og me meiner det vil vera uansvarleg å vedta desse kutta. I budsjettforslaget til Raudt har me lagt inn tydelige prioriteringar.

- Me tek grep for å begrensa kutt i tenestene til særskilt sårbare grupper.
- Me tek grep for å sikre ei betre sosial utjamning

Dette har sjølvsagt ein pris, og me vel å halvera det budsjetterte mindreforbruket.

### **Oppvekst, SFO, barnetrygd og berekning av sosialstønad**

God oppvekst legg grunnlaget for resten av livet. Det er fellesskapet sitt ansvar å sikra alle barn inkludering, tryggleik og meistring. Sterke fellesskap vert danna der alle får vera med. Difor er det viktig for Raudt å utjamna sosiale skilnader og arbeida for at alle barn kan delta i barnehage, SFO og fritidsaktivitetar.

Fritidsklubbane har ein viktig funksjon for ungdommane på Stord, på mange områder. Det er for tida venteliste, noko som tyder på at tilbodet bør styrkast.

Barnefattigdom er eit aukande problem i Noreg, og det er trong for nasjonale grep for å redusera skilnadene i samfunnet. Samstundes har me eit lokalt handlingsrom me bør nytta.

Barnefattigdom er i høgste grad ei utfordring og for Stord kommune. Når me vel å inntektsberekna barnetrygda før utmåling av sosialstønad forverrar me situasjonen til dei hundrevis av barn som veks opp i vår kommune i familiar som treng sosialstønad.

Denne praksisen er usosial, bidrar til å auke skilnader og gjer at dei fattigaste barnefamiliane har ytterlegare svekka føresetnader for å kome seg ut av fattigdom og utanforskap.

Det er godt dokumentert at det er ei sikker langsiktig investering å investera i born og oppvekst. Mange av dei store og dyre oppgåvene kommunen får er knytt til vanskar som best let seg førebygga i ung alder.

- Auka midlane til fritidsklubbane
- Frysa prisen på SFO-plass og innføra søskenmoderasjon på 25%
- Trekka barnetrygd ut frå inntektsberekninga for sosialstønad

### **Barnehage og elevressurs**

Barnehagesektoren, både nasjonalt og lokalt, er i ein vanskeleg situasjon. Kommersielle aktørar henter ut store summar i profitt, medan kommunale barnehagar går på sparebluss.

Det er varsla nytt regelverk for finansiering av private barnehagar på nyåret, og det vil vera lite lurt å gje frå seg ytterlegare fagleg og økonomisk kontroll ved å leggja ned kommunale plassar.

Elevressursen er avgjerande for skulen si drift og dekkjer spesialundervisning, delingstimar, materiell og utstyr, leing/administrasjon, vikar ved sjukdom og anna fråvær, utflukter og anna.

- Behalde Sagvåg barnehage avd Nysæter
- Behalde elevressursen
- Behalde vikarpool

### **Eigedomsskatt**

Raudt foreslår å oppretthalda botnfrådraget og samstundes auka eigedomsskatten med 1 promillepoeng. Dette fører til at 0,560 mill. i tapte inntekter i høve rådmannen sitt forslag, men me ivaretek ein grad av sosial profil.

### **Døgnrehabilitering**

Døgnrehabilitering er eit viktig tverrfagleg tilbod. Det kostar å ikkje ha dette tilbodet, både med auka belastning på andre tenester og bøter ved forlenga opphald sjukehus.

- Halvera det føreslegne kuttet i døgnrehabiliteringa

### **Habilitering**

Å budsjettera med visshet om at ein må redusera nivået så lågt at det vil ha konsekvensar for vedtak er problematisk. Det medfører i tillegg ei utfordring ved at dei som klagar til fylkesmannen kan få oppretthalda sitt opphavsvedtak. Dette vert ein situasjon der dei som har ressursar til å gå gjennom klageprosessen kan få oppretthalda tenestetilbodet, medan dei øvrige får svekka sitt tilbod. I samanliknbar situasjon i Molde denne hausten fekk 100% av dei som klaga medhald hjå fylkesmannen.

- Auka budsjettet til habilitering med 3,6 mill.
- Skjerma Sæbø gard frå eventuelle kutt i årsverk

## **Raudt foreslår følgende endringar på budsjettforslaget til Rådmannen:**

### **Utgifter driftsbudsjett 2020**

Trekke barnetrygda ut frå berekning av sosialhjelpstønad	1,5 mill.
Behalda botnfrådraget i eigedomsskatten og auka med 1 promille	0,56 mill.
Frysa pris SFO og innføra søskenmoderasjon på SFO 25 %	0,44 mill.
Behalda vikarpool	0,2 mill
Behalda Sagvåg avd. Nysæter	2,0 mill
Habilitering	3,6 mill
Halvera kuttet på døgnrehabiliteringa	3,6 mill
Behalda dagtilbodet MARIS og avtalen med Kirkens Bymisjon	2,5 mill
Behalda elevressurs	2,2 mill
Oppretthalda Måndag- og Onsdagsklubben	0,24 mill
Styrking av fritidsklubbane	0,600 mill
Støttekontaktordninga	0,100 mill
<b>Totalt:</b>	<b>17,54 mill</b>

### **Inndekning drift:**



Halvera mindreforbruket	10 mill
Mindre overføringar til private barnehagar	3,2 mill
Auka skatteanslaget	2,0mill
MOT	0,1 mill
Reduksjon kontrollutvalet	0,1 mill
Reduksjon kurs- og etterutdanning	0,6 mill
Skuleadministrasjonssystem	0,325 mill
HOG	0,05 mill
Redusere lønna til folkevalt med 10 %	0,47 mill
Kyrkjeleg Fellesråd	0,7 mill
<b>Totalt:</b>	<b>17,545 mill</b>

### Verbalforslag:

- Sæbø Gard vert skjerma frå kutt i årsverk
- Kommunestyret ber rådmannen om forsøk med auka grunnbemanning i barnehage (auka kvalitet, reduksjon vikarbruk, minka sjukefråvær ref. m.a. Stavanger), t.d. ved ei avdeling i barnehage.
- Kommunestyret ber rådmannen om sak om utviding av tilbodet med fritidsklubb, til at noverande tilbod vert utvida med tilbod for ungdom i Nordbygdo.
- Eit eventuelt kutt i elevressursen skal fordelast likt på skulane.
- Kommunestyret ynskjer å ha ein sosial profil på eigedomsskatten, der botnfrådrag og ulike satsar vert nytta for å sjå til at dei med størst formue bidreg mest.

Framlegget fekk 1 røyst (Raudt)

### Hilde Hauglid (SV) kom med følgjande framlegg:

Stord SV

Budsjettforslag 2020 FSK 6.11.19

	auka inntekt red utgift	red inntekt auka utgift
Auke skattanslag 0,5%, til 3,2	2,76798	
MOT	0,1	
Barnetrygd vert ikkje rekna med i sosialhjelp		1,5
Vikarpool skule		0,199
man-onsdagklubb		0,24
25% syskenmoderasjon SFO		0,1674
HOG	0,05	
Løn folkevalde red 5%	0,2368	
pc-skule +nyttadm.system	0,5	

red kapitalutgifter	1,715	
red private barnehagar	3,2	
Maris+kirkens		
bymisjon		2,5
fritidsklubbane		0,365
elevressurs		2,2
Hamn	0,3	
Klimapartnerar		0,05
Fordelingspott	0,2	
habiliteringseininga		1,5
reduisert overskot	2,2	
Nysæter/Litlabø barnehage		2
Støttekontakt		0,1
Sunnhordland Museum		0,3
	11,26978	11,1214

**Verbalforslag:**

1. Kommunestyret bed rådmannen om å ta initiativ til å kartleggja matsvinnet i Stord Kommune, både når det gjeld kommunen som organisasjon og i næringsverksemder lokaliserte i kommunen. Føremålet med kartlegginga er å nytta matsvinnet som ein ressurs i kommunen.
2. Opptrappingsplan for økonomisk støtte til Sunnhordland Museum skal vedtakast innan mars 2020.
3. Bygging av ny offentleg barnehage i området Sagvåg/Litlabø skal startast opp så snart som mogeleg.
4. Kompetanseheving og vidareutdanning innan områda habilitering og rehabilitering skal prioriterast innan pleie- og omsorgsområdet.
5. Minst 40 % av private bustadar skal byggast tilgjengelege med stove, kjøken, bad og soverom på inngangsplanet. Alternativt skal bustadar enkelt kunna leggest til rette for dette.
6. Ettersom Stord skal verta 0-utsleppskommune i 2030, skal klima- og miljøtiltak skal stå på agendaen på alle personalmøte.
7. Kommunestyret bed rådmannen leggja fram oversyn over kommunen sine utgifter knytt til innleige av konsulentar i alle einingar i 1. kommunestyremøte i 2020.

Framlegget fekk 2 røyster (SV)

**Geir Angeltveit (V) kom med følgjande framlegg:**

<b>Endring driftsbudsjett – inntekter</b>	<b>2020</b>
Overføringar private barnehagar	3 200 000
Reduksjon kurs og vidareutdanning	1 300 000
Stord Kyrkjelege Fellesråd rammetilskot og nedtrekk	900 000
Reduksjon øvrige trdomssamfunn	65 000
Utbytte Hamn	300 000
Reiselivssatsing	241 000
Utmelding av HOG Energi	50 000
Ubunde fond KFF	2 000 000
Skatteanslaget	

**Endring i høve rådmannen sitt oppr. Budsjett** 8 056 000

**Kommunebudsjett 2020 Stord Venstre**

<b>Endring driftsbudsjett – utgifter</b>	<b>2020</b>
Reversera kutt elevressurs	2 120 000
Fritidsklubbane, Harri, Litlabø, Mandags- og Onsdagsklubben	605 000
MARIS/Habilitering	1 000 000
Vidareføra vikarpool oppvekst	200 000
Støttekontaktar	400 000
Klimapartner	50 000
Eigedomsskatt auka promille og held botnfrådrag	550 000
SFO til Aktivitetsskule	1 000 000
Innkjøp ekstern plankapasitet kommuneplanen	600 000
Sjukeheimsplassar frå oktober	1 500 000
Kirkens Bymisjon	429000

**Endring som følgje av endringar i investeringsbudsjett -** 230 000

Endring i høve rådmannen sitt oppr. Budsjett 8 224 000

**Endring driftsbudsjett – utgifter** 2020

Sum overskot drift - 168 000

**Endring investeringsbudsjett** 2020

Investering opptaksutstyr FSK og Komitemøter 200 000

Kulturhus - 3 300 000

Digitale hjelpemiddel (laptopar) - 1 500 000

Sum endringar i høve opprinneleg budsjett - 4 600 000

Effekt driftsbudsjett - 230 000

**Verbal framlegg:**

1. Kommunen søkar om midler til støtte til symjing for barnehageborn  
<https://www.udir.no/om-udir/tilskudd-ogprosjektmidler/midler-kommuner/svomming-i-barnehager/>
2. Kommunestyret ber om at kyrkjegardsarbeid vert skåna i nedskjæringa i Kyrkjeleg Fellesråd.
3. Kommunestyret ber om at det i lys av styrkinga i Barselomsorgen kjem sak til OK-utvalet på "Familie for første gong"
4. Kommunestyret ber om at ein innfører ei incentivordning ovenfor studentar ved HVL Campus Stord, der ein tilbyr studentar ein kulturpakke, busskort eller tilsvarande tilbod om dei vel å folkeregistrera seg i kommunen mens dei studerar her.
5. Kommunestyret ønskjer ikkje innføring av ein 'stordriftsmodell' for tildeling av elevressurs til skulane, og ber om at midlane vert tildelt på ordinært vis.
6. Kommunestyret ber om at rådmannen hentar inn ekstern plankapasitet for å få fortgang i og fullføra kommuneplanarbeidet.
7. Kommunestyret ber om at det vart lagt fram ei sak om omorganisering av SFO til AKS, uten sjølvkostmodell, styrka innhald og klårare 'abonnementsordning.' i samarbeid med dei føresette og tilsette.
8. Kommunestyret ber om at rådmannen kjøper inn naudsynt utstyr til nytte i direktesending av formannsskapsmøter og utvalsmøter likt med kommunestyret.
9. Kommunestyret ber om at det vert lagt fram sak for driftsstyret om lønnsreguleringa ved endringar i stillingar.
10. Kommunestyret ber om at framtidig barnehage i Litlabøområdet vert planlagt som friluftsbarnhage.
11. Kommunestyret er glad for at det fortsatt skal vere fokus på Godt å bu heime, heimerehabilitering og oppsøkande heimebesøk. Kommunestyret ber Rådmannen se på flere tiltak for at eldre kan bu lengre i heimen.

Framlegget fekk 1 røyst (V)

**John F. Tonnessen (MDG) kom med følgjande framlegg:**

Driftstilskot kyrkja	1,05
samarbeidsrådet reiseliv	0,227
miljøsertifisering	0,223
Friluftsråde	0,2
t	
Atheno	0,15
MOT	0,1
Sunnh. Museum	0,025
Falturiltu	0,025
Totalt	2

Framlegget fekk 1 røyst (MDG)

### **Formannskapet si innstilling som fall:**

Nr 1 Kommunestyret vedtek budsjett og økonomiplan for åra 2020-2023 med desse endringane:

- Vaksenopplæring sitt budsjett vert redusert med 1 million.
- Kultureiningane sitt budsjett vert redusert med 240 000.

Nr 8 Opningstidene for fritidsklubbane Harri og Litlabø vert redusert frå to ein ein dag for veka.

Nr 11 Stord kommune vil innføra att avgiftsparkering i Leirvik sentrum i 2020 og ber rådmannen om å fremja saka i form av ei forskrift

Nr 12 Endra tal Ordinære barnehagar:  
Små born/full plass        210 754 kr  
Store born/full plass        102 249 kr

NR 15 (før 17) - Løyving av tilskot  
HOG vert erstatta med Klimapartner i tabellen.